

# Luster kommune

## Kommunedelplan avløp

2026-2036

Oppdragsnr.: 52407408 Dokumentnr.: 001 Revisjon: J02 Dato: 2026-05-31



**Kommunedelplan avløp**

2026-2036

Oppdragsnr.: 52407408 Dokumentnr.: 001 Revisjon: J02

**Oppdragsgjevar:** Luster kommune  
**Oppdragsgjevars kontaktperson:** Ingrid Marie Slinde  
**Rådgjevar:** Norconsult Norge AS  
**Oppdragsleiar:** Gjert Aaberge Dahl  
**Fagansvarleg:** Gjert Aaberge Dahl  
**Andre nøkkelpersonar:**

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
C01	2026-03-03	Høyringsutkast	GjeDah		
J02	2026-05-31	Revidert etter høyring	GjeDah	TSe	GjeDah

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Samandrag

I tråd med «Kommunal planstrategi 2024-2027» for Luster kommune er det utarbeidd hovudplan for avløp og vassmiljø for perioden 2026-2036. Dokumentet gjev innblikk i status og behov for fagfeltet, kva tenesteområdet skal arbeide mot og handlingsplan for å utbetre tilhøva for første periode av hovudplanen, med kostnadsestimat for kvart tiltak. Planen bygger på ein gjennomgang av status på dei ulike komponentane i avløpsdistrikta og anna kjent detaljmateriale. Detaljar på tiltaka er forklart i Vedlegg 20 Skildring tiltak.

Tabell 6-1: Handlingsplan for første versjon av hovudplanen

Stad	Kategori	Skildring	Sum (i 1000)	2026	2027	2028	2029	2030
Alle	Utgreiing	Forprosjekt separering av fellesavløp	256	128	128			
	Fornyng	Overvaking pumpestasjonar	864	216	216	216	216	
Gaupne	Nybygg	Pumpehus Røneidsgrandane	1 440			1 440		
		Pumpestasjon Saur ved barneskulen	432	432				
		Avsetning felles reinseanlegg Gaupne/Solvorn	86 400				43 200	43 200
	Fornyng	Øyagata	1 728			1 728		
Hafslo	Fornyng	Pumpestasjon Hestnes 1	1 440	1440				
		Pumpestasjon Hestnes 2	1 440		1 440			
		Pumpestasjon Hestnes 3	1 440			1 440		
		Pumpestasjon Hestnes 4	1 440			1 440		
Indre Hafslo	Nybygg	Nytt reinseanlegg Lundshaugen	2 880	2 880				
		Utbygging VAO-nett ved Lundshaugen	1 440			1 440		
Jostedalen	Fornyng	Infiltrasjonsanlegg ved Jostedalen skule	1 440			1 440		
Skjolden	Nybygg	Pumpestasjon kryss Bolstad	1 440		1 440			
		Pumpestasjon Skjolden sentrum	1 440			1 440		
	Fornyng	Pumpestasjon Sagøy	288			288		
Solvorn	Nybygg	Pumpehus Frås	2 160	2 160				
		Utgreiing	Forprosjekt Solvorn/Gaupne reinseanlegg	1 440	720	720		
	Fornyng	Lyngmo - Galdentoppen	6 300		6 300			
		Galdentoppen - utbetring høgbrekk	2 016	200	1 800			
<b>SUM</b>			117 725	8 176	12 044	10 872	43 416	43 200
<b>Budsjett i økonomiplanen 2026-2030</b>			33 000	9 000	9 000	4 000	4 000	7 000

Investeringsgraden gjev direkte innverknad på avløpsgebyret, skildra i Tabell 7-1.

Tabell 7-1: Venta avløpsgebyr eks mva for ein standard bustad i Luster for planperioden

År	2026	2027	2028	2029	2030	2031
Gebyr	4 965	5 025	5 090	5 920	7 530	8 777
Dekningsgrad	107%	101%	95%	96%	97%	99%

## Innhold

<b>1</b>	<b>Forord</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
2.1	Bakgrunn	5
2.2	Planføresetnader og -posisjon	6
2.3	Lovgrunnlag og myndekrav	7
2.4	Lover	7
2.5	Mynde	7
2.6	Tilhøve til andre planar	8
2.7	Omsyn og problemstillingar	9
<b>3</b>	<b>Målsetjing</b>	<b>10</b>
3.1	Klima	10
3.2	Økonomi	10
3.3	Miljø	11
<b>4</b>	<b>Nosituasjon</b>	<b>12</b>
4.1	Status reinsedistrikt	12
4.2	Status administrasjon og verktøy	14
4.3	Status måloppnåing	15
<b>5</b>	<b>Funn og strategi</b>	<b>16</b>
5.1	Funn	16
5.2	Strategi	16
<b>6</b>	<b>Handlingsplan</b>	<b>17</b>
<b>7</b>	<b>Økonomi og gebyr</b>	<b>18</b>
<b>8</b>	<b>Vedlegg</b>	<b>19</b>

# 1 Forord

Denne planen er utarbeidd som ein kommunedelplan etter Plan- og bygningsloven, og tek for seg offentleg avløpshandtering i Luster kommune. Arbeidet har føregått i fylgjande fasar:

- Målsetjing for avløpshandteringa
- Gjennomgang av eksisterande avløpssystem i Luster kommune
- Identifisering av dagens utfordringar og behov innan avløpshandtering i kommunen
- Utarbeiding av strategi knytt til funn
- Utarbeiding av tiltaksliste
- Skissert konsekvens på gebyrnivå i kommunen.


Planen er handsama politisk i tråd med fylgjande tabell:

<b>Vedtak om</b>	<b>Organ</b>	<b>SakID</b>	<b>Dato</b>
Høringsutkast 1. gongs politisk handsaming	Formannskapet	26/885-1	11.03.2026
Utlegging av planutkast til offentleg ettersyn		26/885-1	13.03.2026
2. gongs politisk handsaming av plan	Formannskapet		10.06.2026
Stadfesting av plan	Kommunestyret		18.06.2026

Luster, 31.05.2026

## 2 Innleiing

### 2.1 Bakgrunn




Figur 2-1: Oversikt over dei ulike avløpsdistrikta i Luster kommune, markert i grønt

Luster kommune er med sine 2706 km<sup>2</sup> ein av landets største kommunar, med eit avløpssystem som strekker seg over 19 distrikt med til saman 38 kilometer avløpsleidning, ikkje medrekna overvassleidningar. Det er store avstandar mellom distrikta.

Det er folketalsauke i tettstadane Gaupne og Hafslo, og folketalsreduksjon elles i kommunen, som resulterer i stabilt folketal på om lag 5 500 personar. Om lag 63% av busetnaden er tilknytt offentlig avløp, med stor overvekt av desse i Hafslo og Gaupne.

Dette dokumentet skal avklare gjeldande krav til avløpsreinsing, status på eksisterande infrastruktur, og skissere framtidige behov innanfor offentlig avløpshandtering. Planen skal balansere omsyna til økonomi, tryggleik, miljø og klima. Planen tek ikkje stilling til avløpsanlegg eigd og drive av private, ut over mogleg framtidig tilknytning til offentlig anlegg.

## 2.2 Planføresetnader og -posisjon



Figur 2-2: Kommuneplanen sin arealdel i det kommunale plansystemet. Handlingsdelen og kommunen sin økonomiplan skal vera integrerte dokument for Luster kommune. «Kommunal planstrategi 2024-2027.»

Hovudplan for avløp er kommunen sitt overordna og styrande dokument for offentlig avløp. Arbeid knytt til oppfølging av kommunen si rolle som ureiningsmynde er handtert i andre plandokument, sjå kapittel 2.6.

Planen er utforma, varsla, og vedteke som ein kommunedelplan etter plan og bygningsloven, med heimel i gjeldande arealplan.

Føremålet med planen er

- Kartlegge gjeldande avløpstilhøve på kommunale avløpsanlegg
- Avklare framtidige behov for at anlegga skal vere i tråd med gjeldande og framtidig regelverk innan fagområdet
- Lage handlingsprogram for prosjekt for oppsamling, reinsing og etterbehandling av avløpsvatn i heile Luster kommune
- Etablere ei føreseieleg utvikling på gebyrnivå innan avløp i Luster kommune.

Kommunedelplanen har som intensjon å legge opp utviklinga på feltet i tråd med ynskje frå innbyggjarane i kommunen, i den grad dette let seg foreine med gjeldande og framtidig regelverk.

Planperioden er frå 2026-2036, med planlagt revisjon kvart 4. år, og skal utførast av tenesteeining Eigedom. Aktuelle tiltak skal leggast fram til kommunestyret som prioriterer utføring gjennom økonomiplanen til kommunen.

## 2.3 Lovgrunnlag og myndekrav

## 2.4 Lover

Arbeidet med forvaltning av avløpsanlegg er innramma av fleire lover, med «**Lov om vern mot forureining og om avfall**» (Forureiningslova) som hovudkjelde, med fylgjande føremålsparagraf:

«Denne lov har til formål å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall.

Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.»

**Forureiningsforskrifta** definerer korleis lova skal tolkast, og inkluderer ei tilpassa versjon av EUs avløpsdirektiv frå 1991 (91/271/EØF). EU vedtok i 2024 nytt avløpsdirektiv, med endra reglar for reinsing etter nye grenseverdiar. Direktivet er førebels ikkje teke inn i norsk lov, men det er publisert nok informasjon til å gjere ei kvalifisert gjetting på korleis lova blir tilpassa. Skilnaden på noverande lovverk og nytt direktiv er synt i Tabell 2-1. Andre relevante og viktige lovverk med mynde er skildra i vedlegg 1, medan omgrepsforklaring ligg i vedlegg 2.

Tabell 2-1: Gjeldande og nytt avløpsdirektiv

Storleik avløpsdistrikt (PE)	Dagens direktiv (91/271/EØF) med mynde			Nytt direktiv (24/3019/EU)
	Svenskegrensa - Lindesnes samt Grimstadfjorden	Gode sjøresipientar Lindesnes - Grense Jakobselv	Gode ferskvassresipientar	Alle resipientar
	Følsame	Mindre følsame	Normale	
<50	Fjerning av fosfor og organisk stoff - §12-8, <b>Kommunen</b>	Enkel reinsing -§12-9 <b>Kommunen</b>	Fjerning av fosfor og organisk stoff - §12-8, <b>Kommunen</b>	Nasjonale reglar (som tidlegare) < 1000 PE) <b>Ikkje definert</b>
50-1000			Fosforfjerning - §13-7, <b>Kommunen</b>	
1000-2000	Fosforfjerning - §13-7, <b>Kommunen</b>	Passande reinsing, §13-8, <b>Kommunen</b>	Fosforfjerning og sekundærreinsing -§14-7, <b>Statsforvaltaren</b>	Sekundærreinsing Artikkel 6 <b>Ikkje definert</b>
2000 -10 000 Sjø eller ferskvatn				
2000-10 000 Elvemunning		Sekundærreinsing - §14-8, <b>Statsforvaltaren</b>		
10 000-150 000	Fosforfjerning og sekundærreinsing -§14-6, <b>Statsforvaltaren</b>	Fosforfjerning og sekundærreinsing - §14-8, <b>Statsforvaltaren</b>	Fosforfjerning og sekundærreinsing -§14-7, <b>Statsforvaltaren</b>	Tertiærreinsing på anlegg >10 000 PE ved sårbar resipient, og alle anlegg >150 000 PE Artikkel 7 <b>Ikkje definert</b>
>150 000	Fosforfjerning og sekundærreinsing -§14-6, <b>Statsforvaltaren</b>	Fosforfjerning og sekundærreinsing - §14-8, <b>Statsforvaltaren</b>	Fosforfjerning og sekundærreinsing -§14-7, <b>Statsforvaltaren</b>	Sekundær- tertiær- og kvartærreinsing Artikkel 8 <b>Ikkje definert</b>

For Luster kommune vil nye krav føre til store investeringar for anlegga i Solvorn og Gaupne.

## 2.5 Mynde

Handsaming og kontroll av avløpsutslipp er fordelt på ulike mynde, i tråd med grenseverdiane skildra i Forureiningsforskriften. Gjeldande mynde er skildra i Tabell 2-1 Det er førebels uklart korleis mynde vil fordele seg etter nytt direktiv.

## 2.6 Tilhøve til andre planar

Andre vedtekte planar kan legge føringar for hovudplan for avløp. Fylgjande planer er vurdert til å ha størst innverknad:

### **Kommuneplanens arealdel**

Kommuneplanens arealdel, òg kalla arealplanen, er det øvste bindande plandokumentet i planhierarkiet, og legg føringar for kva som er lovleg arbeid i kommunen. Ny versjon av kommuneplanen sin arealdel var ikkje vedteke då dette dokumentet vart utarbeidd, arbeidet er derfor basert på noverande arealplan for Luster kommune.

### **Hovudplan for vassforsyning 2022-2030**

Hovudplan for vassforsyning vart vedteken i mars 2022 og har som hovudmål å sikre trygg og tilstrekkeleg vassforsyning for innbyggjarane i Luster kommune. Drikkevatt og avløpsvatt er tett samanvevde fagfelt og det blir sjeldan gjennomført tiltak på det eine som ikkje treff det andre.

### **Klimastrategi og klimabudsjett Luster kommune**

Sogndal og Luster kommune vedtok ein felles strategi for bustad, arbeid, klima og transport for 2023-2035 (BAKT). Strategien peiker på mål og strategiar der kommunane har mykje å hente på å samarbeide om utviklinga mot eit nullutsleppsfunn.

Luster kommune vedtok klimabudsjett i samband med kommuneplanen sin handlingsdel, budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029. Vedteken i kommunestyret i K-sak 87/25.

Føremålet med klimabudsjettet i økonomiplanen er å rapportere på arbeidet og konkretisere handlinga for å nå måla. Klimabudsjettet skal synleggjere kva kommunen gjer no, og kva me må jobbe meir med for å nytte handlingsrommet best mogleg.

### **Tilsynsplan for små avløpsanlegg i Luster kommune**

Planen avklarar korleis Luster kommune handterer si rolle som ureiningsmynde, med særleg fokus på oppfylging av private avløpsanlegg.

### **Tidlegare hovudplanar for avløp**

Planen tek utgangspunkt i tidlegare avløpsplanar frå 2004 og 2016. Prosjekt og føringar frå dei eldre planane er vidareført om dei framleis er aktuelle.

### **Kommunedelplan for naturmangfald**

Planen vart vedteke i 2023.

### **Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027**

Planen omhandlar økologisk og kjemisk tilstand for vassførekomstane innanfor vassregionen, og set miljømål med tilhøyrande handlingsplan. Nye føringar legg mellom anna til grunn at alle avløpsanlegg i den enkelte kommune tilfredsstiller reinsekraft etter forureiningsforskrifta, slik at ein når miljømåla innan 2027.

### **Regional plan for klima 2025-2035**

Regional plan for klima gjeld for det geografiske området Vestland, og er forankra i regional planstrategi. Planen gjeld for heile Vestland og skal vise fylket sine ambisjonar innan klima- og miljøfeltet.

## 2.7 Omsyn og problemstillinger

### Vassmiljø

Miljøtilstanden i vassførekomstane i Luster er i all hovudsak godt innanfor krava i vassforskrifta. Dei avvika som er registrerte vert følgde opp slik det er lagt opp til i forvaltningsplanen for Sogn og Fjordane vassregion. Kommunen samarbeider med dei andre kommunane i Indre Sogn (Indre Sogn vassområde) for å kartleggja problema og finna effektive tiltak med mål om å sikra god kvalitet i alt vatn, både sjø, vassdrag og grunnvatn.

Statsforvaltaren i Vestland har kontrahert STIM AS til å utarbeide eit overvakingsprogram for miljøtilstanden i Sognefjord-systemet, inkludert Lustrafjorden. Overvakingsprogrammet vil omfatte ei resipientundersøking som går over tre år (2025-2027) med prøvetaking av vatn og sediment. Undersøkinga vil fungere som eit tillegg til kunnskapsgrunnlaget som eksisterer frå tidlegare undersøkingar i vassførekomstane.

### Overvasshandtering

Tradisjonelt har overvatn og spillvatn vore tett samanvevd og gjerne handtert i felles avløpsrøyr. Med krav til reinsing av spillvatn og kontroll på utslepp har denne måten å handtere avrenning vorte stadig mindre aktuell, og i dag bygger ein ikkje fellesanlegg. Det er likevel særleg vanleg med fungerande, eldre anlegg der overflatevatn blir ført inn på spillvassnett.

### 3 Målsetjing

FN handterer avløp direkte i eitt av dei 17 måla for berekraft, spesifikt mål nr 6:

**Sikre kontinuerleg og berekraftig tilgang på drikkevatt og sanitærhøve for alle.**

Dette globale målet kan formulerast om til fylgjande:

**Luster kommune skal syte for berekraftig avløpshandtering for samfunnet me bur i.**

Med bakgrunn i kommuneplanen jamfør kapittel 2.7, omskriving av FNs berekraftsmål og krav i nytt avløpsdirektiv er det utarbeidd fylgjande hovudmål innanfor kategoriane **Klima, Økonomi** og **Miljø**

#### 3.1 Klima

Tabell 3-1: Klimamål

ID	Mål	Målkraft	ID
K1	Utnytte ressursane i avløpssystemet	Utforske alternative måtar å handtere avløpsvatn	K1-1
		Delta aktivt i regionsarbeid knytt til foredling av slam	K1-2
K2	Minimere energibruk i samband med avløpshandtering	Utarbeide klimarekneskap for tenesteområdet	K2-1
		Utarbeide klimabudsjett for tenesteområdet ut frå utarbeidd rekneskap	K2-2
		Utforske avløpsløyser med låg bruk av elektrisk energi	K2-3

#### 3.2 Økonomi

Tabell 3-2: Økonomimål

ID	Mål	Målkraft	ID
Ø1	All avløpshandtering skal vere sjølvfinansierande	Utforske ramme for rimeleg kostnad for tilknytning til offentleg anlegg for private	Ø1-1
		Balansere gebyrbelastning på abonnentane med "forureinar betaler"-prinsippet	Ø1-2
		Etablere kontroll på industripåsepp og andre ikkje-hushaldningspåsepp	Ø1-3
Ø2	Infrastruktur skal vere tilpassa behova	Gjennomføre analyse av naudsynt kapasitet på transportnettet	Ø2-1
		Utarbeide plan for naudsynte utvidingar i tråd med gjeldande arealplan	Ø2-2
		Etablere og fylgje plan for separering av avløpsnettet	Ø2-3
		Sikre krav knytt til samansetning av avløpsvatn som skil seg frå ordinært hushaldningsavløp.	Ø2-4

### 3.3 Miljø

Tabell 3-3: Miljømål

ID	Mål	Målkraft	ID
M1	Redusere negativ påverknad på sårbare økosystem	Etablere målingar på alle utslepp.	M1-1
		Hendingar som fører til utslepp til sårbare økosystem skal vere utbetra raskast mogleg, normalt innan 48 timar.	M1-2
		Redusere overløpstimar i avløpssystemet.	M1-3
		Alle reinseanlegg skal innan utgangen av planperioden tilfredsstillende aktuell versjon av forureiningsforskriften.	M1-4
M2	Helsefarlege utslepp skal ikkje finne stad	Alle sanitæranlegg innan definert reinsedistrikt skal vere tilknytt offentleg avløpssystem (sjå vedlegg 3-21).	M2-1
		Leidningsanlegget skal fornyast med i gjennomsnitt 1% i året.	M2-2
		Avløpsnettet skal kartleggast, og alle driftshendingar skal rapporterast i driftssystemet.	M2-3
		Etablere digital plattform for overvaking, varsling og rapportering av avløpsproblem.	M2-4

## 4 Nosituasjon

### 4.1 Status reinsedistrikt

Det er totalt 19 reinsedistrikt i Luster kommune, med samla status skildra i Tabell 5-1 - 5-3. Nærare grunngjenving for konklusjonane er skildra i vedlegg for kvart einskild distrikt.

Tabell 4-1: Skildring kvalitetsnivå i seinare tabellar.

Ikkje aktuelt	Svært god	God	Moderat	Dårleg	Svært dårleg
---------------	-----------	-----	---------	--------	--------------

Tabell 4-2: Status avløpsdistrikt (1 av 3)

		Hestehagen	Drægni	Skjolden	Høyheimsvik	Orrhaug	Neshøgdi
Reinseanlegg	Slamhandtering	God	God	God	God	God	God
	Resipient	Svært god	Moderat	God	God	God	God
	Utløpsleidning	Svært god	Moderat	God	Svært god	Svært god	God
	Reinseprosess	Svært god	Svært god	God	Moderat	Svært god	Moderat
	Reinseprosess nytt direktiv*	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Styringssystem (SD)	Dårleg	Dårleg	Dårleg	God	Dårleg	Dårleg
	Overløp	God	God	Moderat	Dårleg	Dårleg	Ikkje aktuelt
Transportsystem	Hovudleidningar	Svært god	Svært god	God	God	Svært god	Svært god
	Pumpestasjonar	Svært god	Ikkje aktuelt	Dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Innsamlingsleidningar	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	God	God	Svært god	Svært god
	Overløpstersklar	Dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Styringssystem (SD)	Dårleg	Ikkje aktuelt	God	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Framandvatn	God	Svært god	Ikkje aktuelt	Moderat	Svært god	Svært god
	Tilknytingsgrad	Svært god	Svært god	Moderat	Svært god	Svært god	Svært god
Avløpsvatn	Energipotensiale	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Påslepp	Svært god	Svært god	God	Svært god	Svært god	Svært god
	Separering	Svært god	Svært god	Svært god	Svært god	Svært god	Svært god
	Utvikling	Dårleg	Svært god	Dårleg	Moderat	Moderat	Dårleg

Tabell 4-3: Status avløpsdistrikt (2 av 3)

		Døsen	Steinavegen	Smia	Markstein	Mytane	Gaupne
Reinseanlegg	Slamhandtering	God	God	God	God	God	God
	Resipient	God	God	God	God	Ikkje aktuelt	God
	Utløpsleidning	God	Svært god	God	Moderat	Ikkje aktuelt	God
	Reinseprosess	Moderat	Moderat	God	Moderat	Svært god	Moderat
	Reinseprosess nytt direktiv*	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	ikkje aktuelt	Svært dårleg
	Styringssystem (SD)	Dårleg	Dårleg	Dårleg	Dårleg	Dårleg	Dårleg
	Overløp	Moderat	Moderat	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Svært god
Transportsystem	Hovudleidningar	Moderat	Dårleg	Moderat	Moderat	Svært god	Dårleg
	Pumpestasjonar	God	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Moderat
	Innsamlingsleidningar	Moderat	Moderat	Moderat	Moderat	Ikkje aktuelt	Moderat
	Overløpstersklar	Dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Styringssystem (SD)	Moderat	Dårleg	Dårleg	Dårleg	Ikkje aktuelt	Moderat
	Framandvatn	God	Moderat	Moderat	Moderat	Ikkje aktuelt	Moderat
	Tilknytingsgrad	God	God	Moderat	Svært god	Ikkje aktuelt	God
Avløpsvatn	Energipotensiale	Dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Moderat
	Påslepp	God	Svært god	God	God	Svært god	Moderat
	Separering	God	Dårleg	God	God	Ikkje aktuelt	God
	Utvikling	God	Moderat	Dårleg	Moderat	Ikkje aktuelt	Dårleg

Tabell 4-4: Status avløpsdistrikt (3 av 3)

		Jostedalen skule	Gjerde	Breheim-senteret	Lundshaugen	Solvorn	Veitstrondi	Veitstrondi byggefelt
Reinseanlegg	Slamhandtering	God	God	God	God	Moderat	God	God
	Resipient	Moderat	God	God	God	God	Moderat	Moderat
	Utløpsledning	Moderat	God	Moderat	Moderat	Moderat	Svært god	God
	Reinseprosess	Moderat	svært dårleg	Svært god	Dårleg	Dårleg	God	Svært god
	Reinseprosess nytt direktiv*	ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	ikkje aktuelt	Svært dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Styringssystem (SD)	Dårleg	Dårleg	Svært god	God	God	God	Dårleg
	Overløp	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Moderat	Moderat	Ikkje aktuelt	God
Transportsystem	Hovudleidningar	Moderat	Dårleg	Moderat	Moderat	Moderat	God	God
	Pumpestasjonar	Dårleg	ikkje aktuelt	ikkje aktuelt	ikkje aktuelt	God	Ikkje aktuelt	Moderat
	Innsamlingsleidningar	Moderat	Dårleg	Moderat	God	God	God	Moderat
	Overløpstersklar	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Styringssystem (SD)	Dårleg	Dårleg	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Moderat	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Framandvatn	Moderat	Moderat	Svært god	Svært dårleg	Dårleg	Svært god	Svært god
	Tilknytingsgrad	Svært god	Svært god	Svært god	God	God	Svært god	God
Avløpsvatn	Energipotensiale	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	God	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
	Påslepp	God	Svært god	Ikkje aktuelt	God	Moderat	Svært god	Svært god
	Separering	Svært god	God	Ikkje aktuelt	Dårleg	Dårleg	Svært god	Svært god
	Utvikling	Dårleg	God	God	Svært dårleg	Dårleg	Dårleg	God

\*Forutsett at nytt avløpsdirektiv blir innført i Norge utan endringar.

Jamt over ser ein at det er mykje god tilstand på avløpsanlegga i Luster kommune. Det er ein del eldre anlegg utan særskilte manglar som nærmar seg levetida og må reknast med å skiftast ut i innanfor planperioden. Vidare er det fleire distrikt som er utan fjernstyring og overvaking, som gjer det uråd å sei noko konkret om forholda. Anlegga i Solvorn, Lundshaugen og Gaupne er dei einaste med områder som er karakterisert som «svært dårleg», der Lundshaugen har problem med nosituasjon.

## 4.2 Status administrasjon og verktøy

Tabell 4-5 og Tabell 4-6 er det gjort ei evaluering av ulike system og verktøy for tenesteområdet.

Tabell 4-5: Tilstand på system for tenesteområdet

System		
Farekartlegging /ROS	Ingen overordna eller spesifikke vurderingar for anlegga er gjennomført.	Dårleg
Internkontroll	Gjennomgått i 2025, nytt kvalitetssystem. Rutinar for alle driftsoppgåver.	Svært god
Beredskap	VA-vakt med vakttelefon og krav til maksimal uttrykkingstid.	God
Bemanning administrasjon	Om lag to administrative stillingar totalt, delt på teknisk drift, eigedom, økonomi og arkiv. Dette gir noko låg robustheit i organisasjonen,	Dårleg
Kompetanse administrasjon	Administrasjonen har per tid tilstrekkeleg kompetanse for oppgåvene, men vil trenge bistand ved innføring av nytt regelverk.	Moderat
Bemanning driftspersonell	Tre personar i drift, handterer mange anlegg over store avstandar. Handterer den naudsynte drifta, i liten grad høve til forbetring av systema.	Moderat
Kompetanse driftspersonell	To av tre har vore på grunnleggande kurs, med plan om for gjennomføring av nummer tre.	God
Bemanning prosjekt	Ingen eigne prosjektansvarlege for avløp i kommunen, prosjekta er handtert av driftsadministrasjonen og økonomi	Dårleg
Kompetanse prosjekt	Prosjekt er i stor grad handtert av innleigde ressursar som er koordinert av driftsadministrasjonen, og fylgjeleg tilstrekkeleg kompetent for oppgåva.	Moderat

Tabell 4-6: Status verktøy innan tenesteområdet

Verktøy		
Sentral driftskontroll	Dei største anlegga er tilknytt sentral driftskontroll, instrumentering er variabel. Naudsynt med store investeringar i planperioden for å oppnå full overvaking.	Dårleg
Leidningskartverk	Nytta programvare er Norkart GIS-line, administrert av ekstern ressurs med spisskompetanse. KDV som driftsprogram. Innhaldet er til dels mangelfullt og krev oppdatering	Moderat
Hydraulisk nettmodell	Ingen modell av avløpsnettet per tid, det er heller ikkje krav om dette.	Dårleg
Stikkleidningsarkiv	Det er ikkje systematisert oversikt på stikkleidningar, private tiltak har krav om registrering knytt til byggesak.	Dårleg
FDV for bygg	Ikkje systematisert, planlagt inn i Famac etter kvart (overordna kvalitetssystem).	Dårleg
Varslingsteneste for publikum	Varsling 24 er nytta til å sende SMS direkte til abonnentane ved behov.	Svært god
Tilbakemeldings-teneste for publikum	System på heimesidene med interaktivt kart.	God

### 4.3 Status måloppnåing

I Tabell 4-7 er det evaluert i kva grad dei eksisterande avløpsdistrikta er tilpassa måla som er skildra i Tabell 3-1, Tabell 3-2 og Tabell 3-3.

Tabell 4-7: Måloppnåing

	K1	K2	Ø1	Ø2	M1	M2
Hestehagen	Dårleg	Moderat	Moderat	Dårleg	Moderat	Svært god
Drægni	Dårleg	Dårleg	Dårleg	Svært dårleg	God	Svært god
Skjolden	Dårleg	Dårleg	Moderat	Dårleg	Moderat	Moderat
Høyheimsvik	Dårleg	God	Moderat	Moderat	Moderat	God
Neshøgdi	Dårleg	God	Moderat	God	Moderat	God
Orrhaug	Dårleg	God	Moderat	God	Moderat	God
Døsen	Dårleg	Dårleg	Moderat	God	Moderat	God
Steinabakkane	Dårleg	God	Moderat	God	Moderat	Moderat
Smia	Dårleg	God	Moderat	God	Moderat	God
Markstein	Dårleg	God	Moderat	God	Moderat	God
Mytane	Dårleg	Svært god	Moderat	God	Moderat	Svært god
Gaupne	Moderat	Dårleg	Moderat	Svært dårleg	Dårleg	Moderat
Jostedalen skule	Dårleg	God	Moderat	God	Moderat	God
Gjerde	Dårleg	God	Moderat	Dårleg	Moderat	God
Breheimsenteret	Dårleg	Moderat	Moderat	Svært god	Svært god	Svært god
Lundshaugen	Dårleg	Dårleg	Moderat	Svært dårleg	Svært dårleg	Moderat
Solvorn	Moderat	Svært dårleg	Moderat	Svært dårleg	Dårleg	Moderat
Veitastrondi	Dårleg	God	Moderat	God	God	God
Veitastrondi byggefelt	Dårleg	Dårleg	Moderat	God	God	God

Ut frå tabellen kan ein sjå at eksisterande situasjon innanfor miljø og økonomi har noko variasjon på resultat, medan klima kjem dårlegare ut. Enkle tiltak kan truleg gjeve store utslag.

## 5 Funn og strategi

### 5.1 Funn

Gjennom evaluering av informasjonen i vedlegg 4-21, synleggjort i kapittel 4 har me gjort fleire funn av utfordringar knytt til reinsedistrikta, vist i Tabell 5-1.

Tabell 5-1: Hovudfunn

Hovudfunn utfordringar
Reinseanlegga er i stor grad utan overvaking (slamavskiljarar) og prøvetaking, og er derfor uråd å sei noko om belastning og eventuelle direkteutslepp.
Det er særse mange pumpestasjonar i anlegga, dei fleste er godt vedlikehaldne men manglar overvaking på overløp. Det er derfor uvisst kor ofte dei går i overløp.
Avløpsnettet fungerer i hovudsak bra, men leidningskartet er mangelfullt som gjer det vanskeleg å verifisere faktisk oppbygging.
Kommunen er tynt bemanna, noko som hemmar emna til å ta fatt på kjende problemstillingar.

### 5.2 Strategi

Gjeve at problemstillingane heng saman, er det forsøkt å lage ein strategi som grip utfordringane i rett rekkefylgje. Strategien strekk seg over heile planperioden, medan prioriterte tiltak innanfor gjeldande revisjonsperiode er markert med **utheva skrift** i Tabell 5-2. Strategien tek utgangspunkt i funna skildra i Tabell 5-1, og forankrar strategien i målkrava skildra i kapittel 3 (Tabell 3-1 – 3-3).

Tabell 5-2: Behov og strategi

Hovudbehov	Forankring målkrav (ID)	Strategi
Sikre godt informasjonsgrunnlag	Ø2-1, M1-1, M3-1	<b>Få kontroll på områdeproduksjon av avløpsvatn</b>
		<b>Etablere sonemåling for avløpsvatn</b>
		<b>Etablere sanntidsmåling på overløpstersklar</b>
Redusere direkteutslepp	K1-1, Ø2-2, Ø2-3, M1-1, M1-2, M1-3, M2-1, M2-2, M2-3, M3-1	<b>Separere fellesavløp</b>
		Kvalitetssikre og betre reinseprosessar
		Etablere naudsynte forskrifter og retningslinjer for administrasjon av fagområdet
Korrigere administrative rutinar	K1-1, Ø1-1, Ø1-2, Ø1-3, Ø2-4, M3-1, M3-2, M3-3	<b>Forbetre intern kvalitetssikring av arbeidet</b>
		Endre vanar hjå abonnentar for bruk av avløpet
		<b>Krevje påseleppavtale for ikkje-hushaldningsabonnentar</b>
		Samkøyre mål og verdiar med kommunen sin overordna samfunns- og arealplan

## 6 Handlingsplan

Basert på funna i hovudplanarbeidet og strategien for å oppnå måla, er det etablert fylgjande handlingsplan. Denne er stila for første revisjon av hovudplanen, revidering er naudsynt for vidare utvikling.

Tabell 6-1 viser tiltak på avløpssektoren i prioritert rekkjefølgje. Dette er tiltak som er avhengige av å få avsett midlar gjennom økonomiplan- og budsjettarbeid i kommunen.

Tabell 6-1: Handlingsplan for første versjon av hovudplanen

Stad	Kategori	Skildring	Sum (i 1000)	2026	2027	2028	2029	2030
Alle	Utgreiing	Forprosjekt separering av fellesavløp	256	128	128			
	Fornyng	Overvaking pumpestasjonar	864	216	216	216	216	
Gaupne	Nybygg	Pumpehus Røneidsgrandane	1 440			1 440		
		Pumpestasjon Saur ved barneskulen	432	432				
		Avsetning felles reinseanlegg Gaupne/Solvorn	86 400				43 200	43 200
	Fornyng	Øyagata	1 728			1 728		
Hafslo	Fornyng	Pumpestasjon Hestnes 1	1 440	1440				
		Pumpestasjon Hestnes 2	1 440		1 440			
		Pumpestasjon Hestnes 3	1 440			1 440		
		Pumpestasjon Hestnes 4	1 440			1 440		
Indre Hafslo	Nybygg	Nytt reinseanlegg Lundshaugen	2 880	2 880				
		Utbygging VAO-nett ved Lundshaugen	1 440			1 440		
Jostedalen	Fornyng	Infiltrasjonsanlegg ved Jostedalen skule	1 440			1 440		
Skjolden	Nybygg	Pumpestasjon kryss Bolstad	1 440		1 440			
		Pumpestasjon Skjolden sentrum	1 440			1 440		
	Fornyng	Pumpestasjon Sagøy	288			288		
Solvorn	Nybygg	Pumpehus Frås	2 160	2 160				
	Utgreiing	Forprosjekt Solvorn/Gaupne reinseanlegg	3 440	720	1 720	1 000		
	Fornyng	Lyngmo - Galdentoppen	6 300		6 300			
		Galdentoppen - utbetring høgbrekk	2 016	200	1 800			
<b>SUM</b>			119 725	8 176	13 044	11 872	43 416	43 200
<b>Budsjett i økonomiplanen 2026-2030</b>			33 000	9 000	9 000	4 000	4 000	7 000

## 7 Økonomi og gebyr


Denne planen skildrar ansvarsavgrensinga til Luster kommune si avløpsavdeling, som er innsamling og handtering av offentleg avløpsvatn, og alle vidare vurderingar har dette i botn. Alle kostnader som er skildra, skal dekkast av avløpsgebyret.

Luster kommune handterer gebyr- og sjølvkostutviklinga gjennom KapitalKontroll AS, som utarbeider årsrapport og etterkalkyle. Dette gjeld for tenestene vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam, private planforslag, byggesaker, eigarseksjonering, forureiningsmynde og oppmåling.

Ved å legge til grunn kostnadene i handlingsplanen og ei generell auke i driftskostnader på 4% i planperioden er venta utvikling av avløpsgebyret for Luster kommune i første del av planperioden skildra i Tabell 7-1. Figur 7-1: Utvikling i avløpsgebyret for ulike abonnementi Luster kommune. Figur 7-1 skildrar same utvikling for ulike abonnementsordningar grafisk.

Tabell 7-1: Venta avløpsgebyr eks mva for ein standard bustad i Luster for planperioden

År	2026	2027	2028	2029	2030	2031
Gebyr	4 965	5 025	5 090	5 920	7 530	8 777
Dekningsgrad	107%	101%	95%	96%	97%	99%



Figur 7-1: Utvikling i avløpsgebyret for ulike abonnementi Luster kommune

## **8 Vedlegg**

1. Oversikt lovverk
2. Ordforklaring
3. Distrikt Hestehagen
4. Distrikt Drægni
5. Distrikt Skjolden
6. Distrikt Døsen
7. Distrikt Steinabakkane
8. Distrikt Smia
9. Distrikt Markstein
10. Distrikt Mytane
11. Distrikt Høyheimsvik
12. Distrikt Neshøgdi
13. Distrikt Orrhaug
14. Distrikt Gaupne
15. Distrikt Jostedalen skule
16. Distrikt Gjerde
17. Distrikt Breheimsenteret
18. Distrikt Lundshaugen
19. Distrikt Solvorn
20. Distrikt Veitastrondi
21. Distrikt Veitastrond byggefelt
22. Skildring tiltak
23. Økonomi og gebyr